

Saksprotokoll

Kommunestyret

07.11.2013

Sak: 73/13

Tittel: Saksprotokoll: Søknad om løyve til bygging av Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk
Arkivsak: 13/2245

Behandling:

Harald Hess gjekk frå som ugild.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken med følgjande tilleggspunkt 7: Tilrådinga gjeld uavhengig av teknisk løysing som vert valt for vassvegen, tunnel eller nedgraven røyrgate.

Vedtak:

Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk på Veitastrond med tilhøyrande elektriske anlegg på følgjande vilkår:

1. For begge kraftverka skal minstevassføringa i perioden 1/10 – 30/4 setjast lik 5-persentilen vinter, dvs. 0,67 m³/s.
2. For Storelvi Øvre kraftverk skal minstevassføringa i perioden 1/5 – 30/9 setjast til 2,5 m³/s.
3. For Storelvi Nedre kraftverk skal minstevassføringa i perioden 1/5 – 30/9 setjast lik 5-persentilen sommar, dvs. 7,15 m³/s.
4. Kraftverka må byggjast på ein måte som tek vare på jettegrytene i området.
5. Det må setjast krav til støydempende tiltak ved bygging av kraftstasjonane og val av utleppsløysing slik at støynivået held seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442.
6. Utbyggingane må elles utførast med dei avbøtande tiltaka som går fram av søknaden.
7. Tilrådinga gjeld uavhengig av teknisk løysing som vert valt for vassvegen, tunnel eller nedgraven røyrgate.